
Fra:
Sendt: 28. mai 2008
Til: Postmottak FAD
Emne: Høringsbrev NOU 2007:12 Offentleg innkreving

Fornyings- og administrasjonsdepartementet

Det vert vist til skriv frå FAD datert 20.02.08 med oversending av ovannemnde sak med frist for uttale innan 2. juni 2008.

Vindafjord kommunestyre skal handsama saka i sitt møte den 3. juni. Kommunestyret sitt vedtak vil verta oversendt når vedtaket er gjort.

Rådmannen har fylgjande framlegg til vedtak i saka:

Vindafjord kommunestyre viser til merknadane frå KS og KS sin høyringsuttale og sluttar seg til desse.

På grunn av høringsfristen vert dette oversendt nå til førebels orientering.

Med helsing

Magne Inge Vårvik
Konsulent politisk sekretariat

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	03.06.2008	044/08	MIV

Avgjerd av:	Arkiv: K1-20	Arkivsaknr
Saksansv.: Magne Inge Vårvik	Objekt:	08/1172

OFFENTLEG INNKREVIING - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dat	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	05.05.2008	KS	OFFENTLEG INNKREVIING

Kva saka gjeld:

Forenkling og samordning av den offentlege innkrevinga.

Bakgrunn for saka:

Kommunenenes Sentralforbund (KS) seier i skriv til kommunane datert 18.04.08:

"Innkrevingsutvalgets utredning er ved brev av 20.02.08 fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) sendt på alminnelig høring med høringsfrist 2. juni 2008.

Bakgrunnen for utredningen er ønsket om å forenkle og samordne den offentlige innkrevingen. Men utredningen tar også opp kommunal innkreving særskilt, og ender opp med å foreslå en statliggjøring av en viktig del av skatteinnkrevingen. Dette har Finansdepartementet og Skattedirektoratet foreslått en rekke ganger tidligere. Stortinget har imidlertid både ved behandling av St.prp. nr. 44 (ROSA-utredningen) i 1994 og ved behandling av St.prp. nr. 41 (STRADEC-utredningen) i 1996 avvist å statliggjøre skatteinnkrevingen i Norge. I NOU 2004:12 Bedre skatteoppkreving la flertallet også her frem et forslag om statliggjøring av skatteinnkrevingen. Tilnærmet alle høringsuttalelsene gikk imot forslaget, og forslaget ble ikke behandlet i Stortinget.

De kommunale skatteinnkrevere klarer å innkreve 99,7% av samlet utliknet skatt. En hovedårsak til at resultatet ikke er 100%, er det store antall skjønns ligninger og lovgivningens beskyttelse av skattyter. På tross av de gode innkrevingsresultatene foreslår et flertall i utvalget at alle kravene som ikke er betalt etter første purring skal overføres til en ny statlig innfordringsetat.

KS har lenge vært mot statliggjøring av skatteinnkrevingen, blant annet fordi innkrevingen bør skje i nærhet til brukerne. Videre har kommunalt ansvar på feltet positive distriktspolitiske konsekvenser, og en statliggjøring vil kunne bety sentralisering og en reduksjon av antall kontorer ned til ¼ av i dag. Kommunal skatteinnkreving er også viktig for å opprettholde fagmiljøet/kompetansen for innkreving av øvrige kommunale krav. Forsvinner denne type kompetanse kan man stå i fare for å måtte sette bort også øvrig innkreving.

Kommunesektorens representant i utvalget tok bl.a. av disse grunner en særmerknad, og mener at kommunesektorens syn ikke ble hensyntatt i NOU-en.

Utredningen foreslår tiltak som kan bli et viktig skritt mot full statliggjøring av den kommunale innkrevingen. Dette kan få store konsekvenser, og enten man er mot eller for er det viktig at kommunesektorens syn blir tydelig uttrykt overfor staten.

- *Kommunene og KS skal høres — saken er politisk*

KS håper at alle landets kommuner vil avgi høringsuttalelse, fortrinnsvis gjennom politisk behandling, før høringsfristen går ut 2. juni 2008. KS vil gjerne ha kopi av uttalelsene.

Hovedstyret i KS vil behandle utredningen 14. mai 2008 og høringsuttalelsen vil legges ut på internett etter behandlingen."

Saksutgreiing:

Skrivet frå KS vart lagt fram for Vindafjord formannskap som referatsak i møte 20.05.08.

Formannskapet bad rådmannen, etter ynskje frå varaordførar Marit Aga Hustvedt (Ap), om å leggja fram sak for kommunestyret til møte den 03.06.08.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kommunestyre viser til merknadane frå KS og KS sin høyringsuttale og sluttar seg til desse.

03.06.2008 KOMMUNESTYRET

KS-044/08 VEDTAK SAMRØYSTES:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK:

Vindafjord kommunestyre viser til merknadane frå KS og KS sin høyringsuttale og sluttar seg til desse.